SPRÅKLIG SAMLING

NR. 1

MARS

1965

6. ÅRGANG

LØSSALG 50 ØRE

GITT UT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Arne Grimstad:

Felles språk - Utopi?

Se side 5

Leif Egerdal:

Bokmålet i dag - og i framtida

Se side 5

Pressekontoret Samling

Se side 6

Kaare Fostervoll:

Nye signal i språkstriden?

Se side 2

Rotter

Mannen hadde fått råte i
kjeften
og gikk til tannlegen.
Denne til å bore og meisle,
så blei holrommet fylt opp
med amalgam.
Da alt var ferdigpussa,
var overflata sølvblank og fin
som en minneskilling.
Dagen etter beit mannen
i noe hardt
og ut spratt tanna.
Overflata var sølvblank og fin
som en minneskilling,
men det fantes ikke røtter.

Ketil Gjessing.

Torkel Magnusdal:

A-ord, A-verb og diftonger

Se side 7

Jakob Skauge:

Homofone og homografiske ord

Se side 10

Nye signal i språkstriden

av

Kaare Fostervoll

I.

Først eit lite samandrag av bakgrunnen for språksituasjonen i dag:

Da Stortinget drøfta den nye rettskrivinga i 1937, sa Olav Oksvik at det var gledeleg med så mange talarar ved eit slikt høve. Han måtte tenke på mannen som gjekk rundt i bygda og bad til gravøl: Dess fleire som kjem, dess artigare blir det, sa han. Og når Stortinget no heldt gravøl over to skriftspråk, var det rett artig at så mange var med og vitna, meinte Oksvik.

Ordskiftet var den gongen som alltid når talen er om språkstriden, så langdrygt at det kunne fylle ei heil bok, og mange talarar skildra den nye rettskrivingsreforma i så skremmande fargar at nokon kvar kunne koma i gravølstemning. Både bokmålet og nynorsken kom til å døy dersom ein skulle følgje tilnærmingslina vidare med eit samnorsk skriftmål som endeleg resultat, meinte dei. Andre meinte at begge kom til å leva med i det nye. Det er eit spørsmål om synsmåten.

Da vi fekk språkreformene i 1907 og 1917, rådde den same stemningen, dei same klagesongane og den same lovprisinga av den «gamle» rettskrivinga, den som i si tid var ein dødsfare for kulturen, eit overgrep mot riksmålsfolket og ein «sproglig revolution», for å sitere C. J. Hambro frå 1917.

Trass i gravølskræmslene i 1937 vart den nye rettskrivingsreforma godkjent av Stortinget med eit fleirtal på 112 røyster mot 37. Fleirtalet var Arbeidarpartiet, Venstre og Bondepartiet, som stort set sto samla i denne saka. Men språkstriden var likevel ikkje slutt.

Med dette var striden for alvor gått over til å vera ei styrkeprøve for eller imot programmet s a m n o r s k, dvs. for eller imot tilnærming mellom dei to offisielle språkformene med sikte på eit framtidsspråk bygd på norske målføre. Mot eit slikt program står Riksmålsforbundet med sine forgreiningar, dessutan visse grupper av målfolk, særleg i Vestlandske Mållag, og Norsk Måldyrkingslag, som er eit slags nynorsk «akademi». Noregs Mållag vil ha nynorsk til einaste riksmål, men ser tilnærmingslina som ein mogleg veg fram mot målet, og jamstelling som næraste krav. Sidan 1957 har vi hatt Landslaget for språklig samling, som og bygger på tilnærmingslina.

Her er såleis mange samskipnader med i kampen. Men sidan det i siste omgang er Regjeringa og Stortinget som har avgjerda i rettskrivingssaker, er det reist mykje politisk uro kring kvar ny resolusjon.

Aldri har vel striden vore så l a n g v a r i g som den vi har hatt etter verdskrigen. Men det får vera ei trøyst at bølgjene gjekk høgre og kvassare i 1917—19. Da var det så vidt båten bar. Presidenten, Anders Buen, måtte bruke dobbeltstemmen for å slå tilbake stormlaupet frå riksmålsvennene, som gjekk til samla åtak med den unge C. J. Hambro til slagferdig førar. Hambro var fullt merksam på at språkstriden hadde vore «ein slipning av åndsevnene på begge sider». Utan den ville verken riksmålsfolket eller nynorskvennene stått så godt åndeleg rusta som dei gjorde. Men den nye rettskrivinga — som den konservative riksmålsflokken i dag går så hardt inn for — var ein heilt «sproglig revolution». Hambro hadde eit imponerande følgje: Knut Hamsun skreiv «Sproget i Fare», riksmålsforfattarane slutta mannjamt opp om protestaksjonen, det kom titusen på titusen med underskrifter på protesten. Det var, som Hambro sa, «neppe den korporasjon eller den stand som ikke var representert i den overvældende mængde protester som strømmet ind..» I Stortinget fekk Hambro følgje frå heile høgregruppa og halve arbeidargruppa.

Mot denne stormen var det at Anders Buen la ned sin protest i form av si dobbeltrøyst som president. Resultatet av voteringa var 63 for og 63 mot. At han med denne voteringa hindra ei regjeringskrise, var ein sideverknad som Buen fekk høyre mange vondord for frå den «revolusjonære» sida i Det Norske Arbeiderparti. Men at det ikkje var trugsmålet om kabinettsspørsmål som dikterte standpunktet hans, det viste han året etter da han var med og kasta venstreregjeringa på eit bagatellspørsmål — ein million på vegbudsjettet.

At standpunktet hans i målstriden var bygt på personleg overtyding, det kom klårt fram alt i 1911, da han i Stortinget tala for eit framlegg frå kyrkjeministeren, statsråd Bryggeså, om ein språkkomite. Her peika Buen på vegen fram mot s a m n o r s k:

«Min forutsetning er, at denne komites arbeide, skjønt det her er angit i noksaa begrenset form, vil føre til, at de forskjellige sprogformer kommer til at løpe sammen, at de mange sprog-

Over til side 10

SPRÅKLIG SAMLING

Redaktør: Knut Kvigne, Nedre Kalbakkvei 2 D, Oslo. Tlf. 25.19.74.

Reklamespråk

Årsmøtet i Norsk Språknemnd har drøfta «Anglisismen i salgs- og reklamespråket».

Det var eit godt tiltak av Språknemnda å ta opp denne saka. Ikkje minst avdi reklamens eigne menn la fram synspunktene sine, om dei da har noen slike.

Det siste kan ein sette spørsmålstekn ved. Etter referat i avisene å dømme hevda reklamefolka at dei ikkje vil øve motstand mot bruken av engelsk. Det var det einaste brukbare i fagterminologien.

Dei kunne ikkje snu straumen, streka dei under. Men måtte virke i samme retning som publikums smak og vaner.

•

Vi forstår det slik at med dette har Språknemnda tatt opp eit arbeid som er alvorleg nok for utviklinga framover: Her blei det nemleg åpe vedgått under møtet at for reklamebransjen er «snob value» ein *økonomisk* realitet. I det heile var det denne bransjen si oppgave å ta seg av salsoppdrag, og syte for at den som har noe å selje, får selje mest råd er. Sal, og å tene pengar er grunnsteinen etter det vi kan forstå.

Men desse bransjefolka steller med, eller vansteller dagleg språket i annonser og brosjyrer, i filmtekster og i tale. Dei trenger inn overalt, og representerer meir enn halve spalteplassen i storavisene.

Sjøl har dei liten sans for eit folks kulturverdiar etter det dei syner. Språket er nå ein gang grunnlaget for kulturverdiane.

Det er vel nokså klart etter dette at vårt samfunn kan ikkje sleppe denne makta meir laus enn ho alt er.

Så først og fremst kan vel konklusjonen av møtet med Språknemnda bli at vegen til kringkastinga må være fortsatt stengd for denne verksemda. Vi har kretsar som arbeider systematisk for å få sleppe til med reklame i fjernsynet, og som for å underbygge sine krav, nyleg har tatt i bruk «Gallupargumentet».

Etter møtet i Språknemnda kan det knapt være tvil att hos dei som har vori inne på tanken om å sleppe reklamen laus i NRK. Den saka må vi være ferdig med.

Når du kjem til Otta

er du velkommen til vårt

VAREHUS og CAFETERIA

OTTA SAMVIRKELAG

Til tjeneste

Språk er vanskelig

Vi sikter her til en artikkel vi fant i nr. 1/65 av vår vørde motstander Frisprog, stadig setter nye rekorder i å berike vår språkdebatt med nye og hittil ukjente problem. Siste registrerte rekordforsøk finner vi på første side under overskrifta: «Hva heter f y s i s k o p p s e d i n g på nynorsk?». Motiveringa for spørsmålet er at dette uttrykket har blitt brukt i ei oppgaveoverskrift ved en av våre høgre skoler. Når dette skal være bokmål, resonnerer bladet, så står nynorsken uten språkuttrykk for samme begrepet, og det er leit, meiner Frisprog.

Vi ville gjerne ha hjelpt Frisprog med å løyse dette problemet, men greier det dessverre ikke, trass i store anstrengelser. Vi har likevel en ide, som kanskje kunne vise seg å være fruktbar. Frisprog kunne sende problemet til bladet Autland, et nynorskblad som ellers er på bølgelengd med Frisprog i mangt og mye. Dette kunne videre være opptakten til et enda meir fruktbart samarbeid mellom disse to organa. Dersom denne oppgava blei løyst, kunne de gå videre i samme sporet og finne nynorske ord for en masse andre bokmålsord. Forslag: Finn nynorske ord for h a v, l a n d, o p p l æ r i n g, k r i n g k a s t i n g, g e n e r a l k r i g s k o m m i s æ r, k u r u m p e. Bare som en begynnelse. Til lykke med strevet.

F i l o l o g u s.

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Formann: Rakel Sewerin, Stortinget, Oslo, tlf. 41.38.10
Sekretær: Olav Eriksen, Postboks 636. Tlf. 33.10.96
Kasserer: Ivar Hundvin, Postboks 636. Tlf. 41.77.00

Bladet SPRÅKLIG SAMLING koster 3 kroner for året (4 nummer): Medlemskontingenten er 5 kroner for året (men kr. 2,50 for dem som ikke har eiga inntekt). Vil en både ha avisa og være medlem, koster det til sammen 8 k r o n e r for året (kr. 5,50 for dem som ikke har eiga inntekt).
Alle må betale beinveges til landslaget, postgirokonto 1 63 78.

Gåver i tida 19. september 1964—16. februar 1965.

Langeland, Skien, 50, M. Sprauten 25, Lars Sødal 50, Tyke Lunde 10, N. Austenå 20, J. Stortrøen 16, Per Steinar Steinsvoll 20, Malvin Magnussen 27, Lars Roer 30, Olav S. Tveitan 25, M. Norderval ,25, H. Moren Vesaas 25, Arnt Løftingsmo 10, R. Seweriin 50, Olaf Næsset 40, Å, Salveson 100, Olav Tjørhom 15, Språklig Samling Sauherad 75, Ottar Ytrehus 25, Pål Raubakken 12, Ragnv. Berli 7, Mattis Doblaug 42, Anders Stølen 25, H. Sætra 25, O. Møgedal 10, J. Stenersen 200, Sigurd Bodvar 12.

Blad- og medlemspengar

I dette, første nummer for 1965 legg vi inn ein betalingsblankett. Av arbeidsomsyn er vi dessverre nøydde til å legge blankettar inn i alle eksemplar, også til dei som alt har betalt for 1965, men dei må gjere vel å kaste blanketten.

Dei som ikkje har betalt vil vi minne om at pengane nå skal sendast direkte til landslaget, også for medlemmer i lokallag. Dei som står til rest for 1964, kan gjerne bruke blanketten for begge åra, men skriv da på baksida av kupongen kva summen gjeld. Om De betaler straks, gjer De det lettare for oss med kartotek- og bokføring.

Frå Språklig Samling ved Gudbrandsdal Gymnas.

Bare noen få månader etter at Språklig Samling kom igang, i 1959, blei det første lokallaget starta av noen elevar ved Gudbrandsdal Gymnas på Vinstra. Det voks fort til det største laget ved skolen med over hundre medlemmer. Seinare kom det dessverre ein forfallsperiode, og først for eit år sia blei laget reorganisert att.

Den 14. januar 1964 hadde laget årsmøte, og hovudtalar var lektor Kristen Svarteberg. Han sa m. a. at han med godt samvett var medlem både av Noregs Mållag og av Språklig Samling, fordi begge organisasjonane arbeider mot det samme målet: eitt godt norsk riksspråk. Dei har bare ulike arbeidsområde.

På møtet blei dette styret valt: Formann: Øystein Vetlesætr; Nestformann: Tore Moen; Sekretær: Lektor Svarteberg; Kasserar: Arne Smørgrav; Styremedlemmer: Arnfinn Engen, Lars S. Vikør og Bjarne Øygarden.

Laget skipa til fleire møte i vårhalvåret. Svært vellykka var ein diskusjonskveld tidlig i halvåret, om temaet: Har Språklig Samling ein misjon? Innleiarar var Kristen Fretheim for Språklig Samling, og Leif Lund mot. Det viste seg at motsetningane ikkje var så store: Både Lund og hans meiningsfeller i salen tok klart avstand frå Riksmålsforbundet; eit hovudargument mot Språklig Samling var at laget vil gå for fort fram, delvis og at mandatet det arbeider etter (samling på norsk folkemåls grunn) var for bundi. Det var godt frammøte, og ein svært positiv og interessant diskusjon.

Seinare blei det arrangert eit medlemsmøte der samlenormalen blei drøfta og ein resolusjon med framlegg til endringar vedtatt. Vi kan og nemne eit møte der vi diskuterte eit emne som ligger litt utafor vårt felt, nemlig russefeiring, med samnorskmannen, lektor Johs. Myhren som innleiar. Emnet er jo aktuelt, og det var ein svært god diskusjon.

Det blei drivi ei aktiv medlemsverving i denne tida, og da skolen slutta, hadde laget bortimot 40 medlemmer. Det må seias å vere eit godt resultat når ein tar i betraktning den nokså passive elevmassen ved skolen. Manglande interesse er eit problem alle laga ved skolen strir med.

I hausthalvåret har vi hatt fleire møte; m. a. arrangerte vi eit opent møte med foredrag av Tore Moen om språkutviklinga i landet vårt det siste hundreåret. Vi hadde og eit medlemsmøte der vi drøfta språket i lokalavisene. Det står dessverre dårlig til med språket i Lillehammeravisene; det konservative bokmålet dominerer heilt, og det er sterkt prega av inkonsekvens og slurv. Vi vedtok ein resolusjon og sendte inn, men den har ennå ikkje fått spalteplass.

I Gudbrandsdølen/Lillehammer Tilskuer har det i haust pågått ein lang og tildels hissig språkdebatt; Språklig Samlings syn har der vori representert av Lars S. Vikør og Tore Moen.

Endelig kan vi nemne pressekontoret Samling, som nå blir sett igang her, og som skal spreie artiklar på radikalt mål i pressa.

Årsmøtet 1965 blei haldi den 28. januar, og baud på ei orientering av Tore Moen om Riksmålsforbundet, vår verste motstander. Det var ei svært god utgreiing om kva dette laget står for i dagens norske språkstrid. Det var bygd på brosjyrer og anna stoff tilsendt frå Riksmålsforbundet, men skilte seg nok ut frå dette stoffet i si framstilling!

Valet fikk følgjande utfall: Formann: Tore Moen; Nestformann: Ole Martin Høystad; Sekretær: Øystein Vetlesætr; Kasserar: Olav Bergo; Styremedlemmer: Arne Smørgrav og Kristen Fråstad.

Med dette styret går laget inn i det nye året, og vi håper at det skal bli eit like godt arbeidsår som fjoråret, eller helst betre. Det vil tida vise.

L. S. V.

HYTTER — GARASJER

Reisverk og utv. panel til hytter leveres montert på Deres tomt.

Tregarasjer - rekker og enkle - og STABIL vippeporter leveres.

Ring 533690 Oslo, og be om brosjyrer.

PAUL DAHLØ — HASLUM

Leif Egerdal:

Bokmålet i dag - og i framtida

Bakgrunnen for dette innlegget er artikkelen av lektor Magne Aksnes i forrige nummer av «Språklig Samling»; «Bør nynorsken konsolideres?» Spørsmålet er nemlig ikke bare hva for krav samnorskfolk må stille til nynorsken, men også hvor mye vi kan kreve av bokmålet. Med andre ord: Hvor mye bør bokmålet nærme seg nynorsken for å kunne gå opp i en felles samlenormal?

Innafor Landslaget for Språklig Samling er det nok ulike syn på det spørsmålet som her er reist. Bare en ting er vi alle enige om: Konsolidering av de to målformene kan det ikke bli tale om, i hvert fall ikke på langt sikt, om vi skal nå fram til ett skriftspråk her i landet.

Den samlenormal som med tida må komme, kan imidlertid ikke bli en balansegang mellom bokmål og nynorsk. I en lang rekke tilfelle må det settes opp dobbeltformer, slik at en innafor denne normalen kan nytte et skriftspråk som er forholdsvis moderat eller nokså radikalt. Denne valgfrihet vil gi samnorsken en nyanserikdom og en ordrikdom som det neppe vil finnes maken til i noe annet skandinavisk språk. Somme ordformer vil kan hende slipes bort etter hvert, men det får tida avgjøre. I noen tilfelle vil dobbeltformene bli en valørrikdom. Som enkelte «beinharde» riksmålsmenn vil komme til å misunne oss. Innafor Læreboknormalen har vi alt en slik valørrikdom, enda om ikke alle samnorskfolk vil godkjenne den. Jeg meiner t. d. at det er skilnad på en gard på landet og en gård i byen, på vann i glasset og fjellvatn på vidda, o. l. Det er sannsynligvis klokt at en slik samlenormal først og fremst kommer som *et tilbud* og ikke på noe område som *et påbud*. I første rekke bør dette tilbudet gå til alle som sliter med å *lære* å skrive to nokså like, men likevel forskjellige norske språkformer.

Innafor gjeldende læreboknormal er faktisk bokmålet kommet til avgjørende skritt på vegen inn i samlenormalen. Noen av de krav som må stilles til bokmålet når det gjelder møtet med nynorsken, er med andre ord allerede oppfylt — i det minste teoretisk sett. Bokmålet må t. d. ha med det jeg vil kalle de særmerkte *norske* språkelement, nemlig tre kjønn, i det minste i konkrete navnord, diftongene og a-ending i verb av kastatypen. Det er et annet viktig punkt der bokmålet må komme nynorsken i møte, og det gjelder partisippformene av sterke verb. Det er etter mi meining ingen skade skjedd ved å få vekk den — vel i de fleste norske dialekter — stumme *t*, slik at verbet *skrive* t. d. kan bøyes slik: Å skrive, skriver, skreiv, har skreve, — med en «nynorsk variant» — har *skrivi* i partisipp.

Endelig vil jeg nevne den store rikdommen av gode nynorske ord som bokmålet på vegen fram bør ta opp i seg. Dette er en tilnærmingsprosess som særlig dyktige skribenter bør gå inn for, ikke minst journalister.

Enda om en rekke konservative aviser henger igjen, må vi alt nå ha grunn til å glede oss over at denne prosessen er i full gang. (Erfaringa viser at også den konservative pressa kommer etter, sakte men sikkert).

I dag er det t. d. god norsk også i bokmål å skrive *samsvar* i stedet for overensstemmelse, *søknad* i stedet for ansøkning, og en journalist med godt språkføre vil kjenne seg lykkelig over å kunne nytte ordet *fritidssysler* i stedet for fritidsbeskjeftigelse.

Som alt nevnt innbyr gjeldende læreboknormal til aktiv språkdyrking i samnorsk lei. Men jeg trur at det er viktig at vi som stundom prøver å følge vegen, ikke bruker ordlista som en stemmegaffel. Et klangfullt instrument som språket er, kan nemlig ikke bare stemmes etter en enkelt tone. Vi må med andre ord lytte oss fram slik at ord og stil går sammen. Språket skal kontrolleres av øret, ikke av pekefingeren. Samnorskidéen har vel stundom kommet i miskreditt p.g.a. at noen — sikkert i beste meining — har forsøkt å lage ord som skulle løyse av tradisjonelle bokmålsbegrep. Det må her strekes under at dette er ei linje som aldri har vært fulgt i Landslaget for Språklig Samling. Bokmålet har store verdier av ord og begrep å gi til framtidsnorsken. Hovedsaka blir ikke hvor mye vi kan skjære vekk av nynorsk og bokmål i en framtidig samlenormal, men hvor mye vi bør sette inn på å bevare i det store felleseiet, det rike og mangslungne norske språket.

Det er på denne bakgrunnen vi bør sette likhetstegn mellom språkutvikling og positiv språkdyrking.

Felles språk - útopi

av Arne Grimstad

Dersom det hadde blitt ofra så mye tid og pengar på å arbeide dei to måla saman, som det blir ofra for å skilje dei, ville vi i dag ha hatt eit felles språk. Og det ville ha vore rikare og meir nyansert enn både bokmål og nynorsk er, kvar for seg, i dag.

Den einaste oppgåva dei konservative på båe målfrontane kan ha i vår situasjon, er å hindre ei hundreårs utvikling, og med det hindre språktilfang å slå rot i den andre målformen. På den andre sida er der og ein type samnorskkarar som er farlege. Det er desse som berre godkjenner ord og seiemåtar som er felles i dag, og som gjer alt dei kan både for å hindre

at fellesspråket blir rikare, og at vi får bryte ned målskrankene ved å ta inn særeige frå dei to målområda. Slike «Guri-Malla-språk-folk» må ikkje få vere med og avgjere lagnaden til framtidsmålet vårt. Og eg trur vi må vise ei heilt anna interesse for tileigning av språkstoff enn vi har vist til nå, dersom vi skal greie å berge den norske klangen i det målet som litt isenn blir vårt felleseige. Mest om å gjere er det at vi er opne for det språktilfanget som har minst prestisje. Utarminga av målet vårt kjem kanskje mest av at vi ikkje er villige til å leite fram og odle ord og uttrykk som vi finn utanom allfarveg. Dette er ei oppgåve som by og land kan gi kvarandre handa på. Ikkje minst i byane har vi språk som vil døy dersom vi ikkje låner øyre til daglegtalen, merkar oss seiemåtar og prøver å gi det ei skriftleg form. Og kven er det i grunnen som på begge sider av målfronten har ført oss framover, gitt oss nye seiemåtar, stil? Er det smågnagarane på bokstavar og bagatellar? Folk som berre fekk si form etter eit konservativt, skriftleg mønster? Langt i frå. Dei som førde oss framover, var desse som gav seg tid til å lytte etter den klangen som folkemålet hadde. Her står dei store meisterane på begge sider av målfronten og bvr seg fram som bevis. Kanskie vi skulle nemne namn som Vesaas. Duun. Boier. Holt. Hamsun. Vinje. Fønhus. Egge. Skjæråsen.

Vi skal ikkie grave ned stridsøksa når det gield målstrid. Men vi skal vende egga ein annan veg enn det mange har giort. Vi skal stille oss til vern for heile den norske målarven. Vi står saman for vårt felles folkemål. ikkie mot den eine eller andre del av arven. Derimot vil vi gierne giere front mot dei tendensar til tvning av arven som kjem utanfrå. Striden kan løftast opp på eit høgre nivå. I staden for å vere ein brorsstrid mellom landsmenn, kan det bli ein fellesstrid for ein felles arv.

Pressekontoret Samling!

Ein av dei største vanskane Språklig Samling har å stri med, er pressas negative holdning. Det er jo så, at prinsipielt går omtrent alle avisene våre, med unntak av høgrepressa, inn for samlingstanken i språkspørsmålet. I praksis finner vi likevel svært liten vilje til å arbeide for dette målet.

Men det er ikkje nok med støtte i prinsippet. Vi må få følgje i praksis, m.a.o. arbeide for meir radikalt mål i pressa. Den beste måten å gjøre det på, er sjølv å skrive stykke for avisene på radikalt mål, og prøve å få dei til å nå flest moglig.

På landsmøtet 1964 blei det foreslått å skipe eit pressekontor for Språklig Samling. Det er nå gjort. Kontoret består av Tore Moen, Arne Smørgrav, Øystein Vetlesætr og Lars S. Vikør. Alle fire er elevar ved Gudbrandsdal Gymnas på Vinstra.

Vi vil oppmode alle interesserte til å sende oss artiklar på eit godt og radikalt mål, og vi vil da stensilere dei og sende dei rundt til aviser over heile landet. Både målform og emne i artiklane er likegyldig. Stor variasjon i emneval er ein fordel, da vi vil vise at det språklige alternativet vi strir for, fullt ut kan måle seg med dei mein konservative variantane av språket vårt på alle livets område.

Vi tar og med takk imot økonomisk hjelp til arbeidet vårt.

Vi trur at vi med dette tiltaket på ein effektiv måte kan motarbeide den språklige konservatismen, som er så utbreidd i norsk presse i dag, og spreie kunnskap om det målet vi arbeider for. Men det avhenger av at vi får oppslutning.

Adressa vår er:

Pressekontoret Samling
v/ Lars S. Vikør
Vinstra.

På førehand takk!
For kontoret:
Lars S. Vikør.

Sigmund Jakobsen:

GJENOM BREND BY

Gyldendal 1964.

Sigmund Jakobsen er en lovende debutant. I diktsamlingen *Gjennom brend by* møter vi en ung mann med begrenset livserfaring, som ventelig kan være. Men gjennom sine dikt i verseform, og kanskje særlig i sin prosalyrikk, har han maktet å gi klart uttrykk for sine følelser og tanker. Vi møter et ungt menneske hvis tankeverden fremdeles er opptatt av det oppvekstårene hadde å by ham. Men mye av det ytre som hører denne tiden til, har mistet sin betydning, og han føler seg klar til å dra ut på livsvegen. Han har vandret «Opp Pleasant Street, gjennom Disillusion Avenue» og så kommer turen til «Long Life Road». (Diktet «Siste buss heim»). Det skal bli interessant å følge ham videre på hans Long Life Road.

Språket hos Sigmund Jakobsen er en studie for seg selv. Han synes å ha gått helhjertet inn for samnorsk. Rett nok er han ikke helt konsekvent i sin språkreformasjon, men dette skyldes muligens at hans hjemlige dialekt ennå slår noe gjennom. Likevel må en si at forfatteren har gjennomført sitt språklige eksperiment med hell, og det er å håpe at han vil fortsette i samme lei.

D. Holme.

BLI MEDLEM!

☆

STØTT SPRÅKLIG SAMLING

☆

Skriv til adresse postboks 636, Oslo og be om nærmere opplysninger.

Uttalelsene på landsmøtet

Av lektor Torkel Magnusdal. Kristiansand S.

Språklig Samlings landsmøte i Oslo 28. og 29. nov. 1964 uttalte: *Samlingsgrunnlaget for de to norske skriftnormalene er full gjennomføring av* 1) A-ord (elva, øya, fjella), 2) A-verb (bada, fiska, åpna), 3) *Diftonger* (bein, reiv, gauk, hauk), slik som vi har dem i disse setningene: «Barna bada ved øya», «Statsråden åpna utstillinga». Språklig Samling går også inn for full ordfrihet i bokmål og nynorsk, samt for at samme ord skal skrives likt i begge målformer, f. eks.: være, bære, skjære, åpne, osv.

Da enkelte av medlemmene våre, og andre med for den saks skyld, kanskje synes at disse uttalelsene favoriserer bokmålet, må det være tillatt for meg, som forma de to første uttalelsene og fikk dem gjennomført, å legge fram grunnene mine for dem.

Men først vil jeg få opplyse at mitt språksyn ikke er blitt til i et øyeblikks innfall eller stemning, nei, det har utvikla seg gjennom de over 25 år jeg har arbeidd i skolen i Nordfjord, i Hamar og nå i Kristiansand. Opprinnelig gikk jeg inn for et ganske sterkt islett av nynorsk i framtidsmålet, men etter hvert som bokmålet har fått et stadig norskere preg i former, ord og uttrykk, er jeg kommet fram til det standpunkt som jeg nå inntar. Og i avisartikler, foredrag og diskusjoner har jeg om igjen og om igjen framholdt at den dagen de tre mest karakteristiske trekk ved det norske talespråk, a-ord, a-verb og diftonger, er gjennomført som eneformer i bokmål, den dagen har vi bare ett skriftspråk i landet.

God støtte for mitt syn på a-ord har jeg funnet i riksmålsmannen rektor Gorgus Cowards Kortfattet riksmålsgrammatikk — «Skrevet efter oppdrag av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur». 2. opplag. Oslo 1959. Her står om substantivets kjønn, s. 54: «*I dagligtale vil i bestemte situasjoner de fleste nordmenn, også de som avgjort regner seg som tilhengere av riksmål, bruke tre kjønn*». (Uthevd her). Og nederst på samme side fortsetter Coward: «Bjørnson brukte i 1909 a-former i Kantate ved hundreårs-festen for «Norges Vel»: — «Slunken kommer kua/ut fra båsen/ stanser ved sæterbua/ og rauter op i det tomme. . . . Gamlefar i stua/ tapte lengst trua/ på almanakken/ og gamlemor ved grua/ på gigten. . . . «Diktets innhold har gjort Bjørnsons bruk av a-former i dette diktet meget naturlig, og nettopp det avstikkende i dem fra hans øvrige sprog forteller hvor svakt de står i skrifttradisjonen. *Likevel er det ganske klart at riksmålet ikke kan stenge a-formene ute*». (Uthevd her). Hvor riktig denne uttalelsen av riksmålsmannen Coward er, viser den stokkonservative Andre Bjerke i si Riksmålsordliste, Oslo 1963. Her er der ca. 70 obligatoriske — tvungne — a-ord. Og Arnulf Øverland har ca. 150 obligatoriske a-ord i si riksmålsordliste.

Når det gjelder synet på de viktige a-verb, har Norsk språknemnds Framlegg til læreboknormal 1957 betydd mye for meg. Her står det klart og tydelig på side 98 og flg.: . . . «*Den dagen ho (a-endinga) vinn fram til å bli den einaste bøyingsforma i segnorda av a-klassa, har grensa mellom bokmål og folkemål falle, — da har vi i røynda berre e i t t mål i landet*» *(Uthevd her).* Og på side 99 står: «A-ending i fortid og fortid partisipp er brukt i alle norske bygde- og bymål så nær som i bergensk, som har -et. Men i eit indre austlandsk område er a-ending berre i bruk i opph. *kortstava verb* (som braka, bora, trega, spøta osfr.). Etter å ha vurdert a-verb uttaler bokmålsgruppa av Norsk språknemnd bl. a.: . . . «En tekst hvor denne endelse er konsekvent gjennomført, skiller seg i hele sin stiltone så sterkt fra det som har vært vanlig bokmål til denne dag, at en med en viss rett kan kalle en slik tekst «nynorsk», selv om den ikke ellers har nynorskens spesielle formelle og lydlige kjennetegn. Hverken en gjennomført bruk av hunkjønnsformer (i alle fall i konkreter) eller en utstrakt bruk av diftonger har noen slik virkning. Det er derfor ingen overdrivelse å si at tanken om at våre to skriftmål skal kunne gå opp i en høyere enhet, står og faller med om bokmålet er i stand til å gå over til denne form. *Nynorsken kan ikke gi opp denne formen uten å fornekte selve sitt grunn-*

lag, dertil er formen for utbredt i talemålet i bygd og by over hele landet». Denne konklusjonen er forma av Trygve Bull, etter det han sa på språkmøtet i Kr.sands Studentersamfunn i desember måned —**64.**

Betingelsen for at våre to skriftmål skal kunne gå opp i en høyere enhet, er altså at bokmålet er i stand til å gå over til a-verb. Det er underlig at bokmålsseksjonen av Norsk språknemnd kan stille opp en slik betingelse, når en veit at denne betingelsen for lengst er oppfylt. Johan Bojer bruker a-verb i følgende romaner: Et folketog, Troens makt, Fangen som sang, Den store hunger, Dyrendal, Den siste viking, Vår egen stamme, Folk ved sjøen, Skyld. Og ellers bruker han så radikale former med a-ord og diftonger at hans språk godt kan settes opp som et mønster for framtidsmålet i Norge. Og Johan Bojer er ikke alene om å bruke a-verb, han får følge av en så stor flokk av våre diktere at der levnes ingen tvil om at a-verb har stått si prøve i bokmål. Også i faglitteraturen på bokmål for jord- og hagebruk er a-verb til dels gjennomført. Her kan nevnes en rekke professorer og andre fagfolk.

Dette skulle vel være klart nok, men for sikkerhets skyld sendte jeg Norsk språknemnd et åpent brev om dette (Dagbladet24-10-64), samtidig som jeg spurte om nynorsken, i tilfelle a-ord, a-verb og diftonger blei gjennomført som ene-former, da hadde flere krav. Hartvig Kiran svarte for Norsk språknemnd (2-11-64). . . . «Det som bokmålsseksjonen har skrive om verknaden av a-verb, hokjønnsord og diftongar, er truleg ei rett vurdering. Heile vår språkstrid syner at det er desse tre ting som kjennest som dei viktigaste skilmerke mellom bokmål på den eine sida og nynorsk og norsk folkemål på den andre. Det må vera all grunn til å tru at dei to skriftmåla vil flyte lett og naturleg saman så snart dei har møttest på desse tre viktige punkt. Men når Torkel Magnusdal spør om nynorsken i ein slik situasjon ikkje vil ha fleire «krav», kan Norsk språknemnd knapt vera den rette til å svara, Norsk språknemnd arbeider for tilnærming mellom dei to skriftmåla så langt det kan vera mogleg eller naturleg til kvar tid, men Språknemnda er ingen kamporganisasjon som stiller «krav» på vegner av det eine eller det andre målet».

Når Språknemnda altså ikke er den rette til å svare, må det være meg tillatt å spørre Noregs Mållag om det vil godta a-ord, a-verb og diftonger som samlingsgrunnlag for de to skriftspråka våre. Det er å vente at Noregs Mållag vil det, ikke minst når en tenker på at da nynorskmannen professor Knut Liestøl så sperrebukker i Oslos gater med «Gata er sperra» på, uttalte han det kategoriske ord: «*Språkstriden i Norge er slutt*». I denne uttalelsen ligger den fulle anerkjennelse av det samlingsgrunnlaget Språklig Samling går inn for.

Meir aktiv

Språklig Samling er ein organisasjon eg har stor sympati for. Å ta litt omsyn til alle partar har alltid tiltalt meg ved løysing av innfløkte saker, og språkspørsmålet her i landet må løysest ved samarbeid og ikkje ved aksjonar frå ekstreme smågrupper. Dialektene har vorte til ved fri utvikling gjennom mange hundre år, og dei er enda i dag så like i grunndraga at dei er ein trygg grunn å tømre ein sams skriftnormal på. Å halde fram dette og samtidig rydde ut ord som skamnorsk og folkemålsgjørme, er ei viktig oppgåve for Språklig Samling. Framlegget om ei rammerettskriving er god. Denne vil virke samlande, og samtidig gi rom for personleg meining, og såleis dempe ekstremistane.

Språkavrøystingar må vi mest mogleg bort i frå. Når dei som vil ha moderate former ikkje greier å skrive desse to orda riktig på røysteseddelen, er den språklege fåkunna så stor at heile røystinga er parodi i staden for demokrati. Dette syner også at folk er ikkje fora med språkleg opplysning men med språkleg einsretting. Eg finn det heller ikkje riktig at små grupper, med sterk økonomi og presse, skal rå grunnen aleine i den språklege utviklinga.

Eg skulle like å sjå Språklig Samling litt meir aktiv ute mellom folk. Organisasjonen er litt for anonym. Eit radikalt syn skulle gjere seg etter all den reaksjonære snøføyka vi har hatt i etterkrigstida. Både i presse og kringkasting må organisasjonen prøve å få inn folk som vil nytte radikale former. I dagleg-talen nytter dei fleste i dag eit språk som ligg omlag midt i mellom bokmål og nynorsk, og det må få komme fram ellers også, ikkje minst i radioen.

Dei geografiske namna har sammenheng med lendet eller hendingar på staden, og dei har fått si endelege utforming i fri utvikling gjennom mange hundre år. Å regulere dei bort frå talemålet er derfor både uriktig og meiningslaust. Likevel blir det gjort av mange aviser og blad. Ord som ender på vatn, vika, elva, sida, fjella, berga eller høgda, blir til vann, viken, elven, fjellene, bergene eller høyden. Dette er latterleg, og Språklig Samling burde sette i gang ein aksjon som heiter «Respekt for geografiske namn», og i denne legge vekt på at fri utvikling gjennom lange tider har ført til ord som Farrisvann, Børtevann, Vannsjø, Harestuvatnet, Einavatnet, Skreiberga, Hemsedalsfjella, Lærdalsøyri, Folgefonna, Øystre Slidre og Strandgaten (Bergen).

Ellef Vold.

To framifrå omsettinger

Halldor Laxness:

Liv og lagnad i Brekkukot.
Satt om til bokmål av Ivar Eskeland.

Mikhail Sjolokhov:

Fortelling fra Don.
Satt om til bokmål av Olav Rytter.

Fra Tiden Norsk Forlag har vi i haust fått disse bøkene som det, ikke minst av språklige grunner, er god grunn til å stanse opp ved. Det er nemlig to av det konservative nynorskfolkets fremste talsmenn, teaterkonsulent Ivar Eskeland og redaktør Olav Rytter, sam har ansvaret for omsettinga til *bokmål.*

Det viser seg at begge har valt å gi omsettingene sine et noenlunde radikalt preg, men at de har gått fram på litt forskjellig måte. Olav Rytter har, stort sett, nøyd seg med å bruke en radikal ortografi og et delvis nokså norskprega formverk. Han skriver t. d. bein, rein, steik, brei, aleine, leiting, elendigheita, og han gjennomfører den samnorske skrivemåten *veg*. Ellers merker en seg heilnorske varianter som sjøl, mjøl, tjuv, tjukkfallen, botn, kveite (for hvete), forsvolten, kol osv. Men Rytter er ikke konsekvent. I fortellende avsnitt finner en tradisjonelle former som hvine, hvese, sen, blek, leke, bred, skjev, syk, myk, løs.

Bøyningsverket er delvis gjennomført radikalt. Hokjønns-a fins over alt, både på obligatorisk hokjønnsord og andre, såleis sida, sjela, makta, søstra, verda, samvittigheta. Verbalsubstantiv får som regel -a (gjetinga, oppfyringa, pløyinga). Men hokjønnsartikkelen *ei* ser en bare sporadisk (ei lue, ei høne kakla, ei børse, ei bikkje, ei lita rotte, ei gammal lumpe, ei uke). Nøytrums-a er brukt noen få plasser i direkte tale (egga, vognhjula, mila, blada, svina). A-verb finner en også enkelte steder i direkte tale: krabba, samla, gjetta, rusla, svina osv. På ett punkt er Rytter merkelig forsiktig, nemlig når det gjelder bruk av diftonger i imperfektum av sterke verb. Han bruker over alt former som skrek, bet, trev, drev, led, rev, vred, pep, steg, seg, slet. Det virker også litt søkt at han bruker former som tiet (tidde), jaget (jagde), suget (sugd), kreket (krekte), gledet (gledde), knaket (knakte) i en ellers radikal tekst.

Når det gjelder ordvalget, er Olav Rytter temmelig forsiktig. Han velger sjelden ord som folk kunne oppfatte som «nynorske», sjøl om en nok kan finne ord som framifrå, høve, mistak, aning, o. a. Såleis bruker han alltid hjem, aldri heim. Tenk om en fikk bruk for å ta på *heimveg*?.

Ivar Eskeland er litt meir forsiktig når det gjelder ortografi og formverk. Til gjengjeld går han meget radikalt til verks med omsyn til ordtilfanget. Her er noen få døme på ord og uttrykk han har gjort bruk av:

Djup ôm, atterljom, snøgg, ange, vøle, tagal, jamvel, tilgjenge, fengd, skir, ta i miss, uframfødd, åtvare, agg, kjæte, vanvørdnad, stutt, glyre, eldhug, sanningsprov, storhending, overlag, hundreår, framlut, beinberr, gjesting, kunnig, deld, mangment, sjeldsprut, bustad, fregd, tidtrøyte, renne i hugen, navngjeten, utrivnad, gild, hugnad, gangfør, støvfjom, fagnad, miskunn, vederlag, omhug, smålåten, lagnad, skilnad, synsstad.

Ordtilfanget er med andre ord om lag så norsk som det kan bli i en bokmålstekst. Det samme kan en ikke alltid si om stiltonen. En stusser uvilkårlig ved den hyppige bruken Eskeland gjør av enkel bestemmelse ved substantiv. Det kan nok være et nyttig virkemiddel mange ganger, men kan også virke mot sin hensikt.

Alt i alt er det et fagnaverk Olav Rytter og Ivar Eskeland har gjort gjennom disse omsettingene. Det er først og fremst folk av deres kaliber som kan hjelpe oss med å slå en skikkelig bresje i den muren av konservativt bokmål vi møter innen omsettingslitteraturen. Nyttigere arbeid kan ingen gjøre som vil gjøre en positiv innsats for norsk mål.

Ma.

Fremmedord i norsken

I språket vårt foregår det i dag ei sterk innvandring av utalandske ord og uttrykk. Brukt i særtilfelle, og gjerne i samband med ei forklaring, vil framandord gjere eit språk meir elastisk og nyansert. Fri og ukritisk import av dei, vil før eller seinare utvatne det fullstendig. Stor turistferdsle og livleg samkvem med utlandet, sett ei lita språkgruppe i stor fare. Mot særnorske ord og bøyningsformer blir det nytta rettargang, bokbrenning og storstilte aksjonar, men det er ufatteleg at ikkje ansvarlege riksmålsfolk og blada deres vil løfte ein finger mot den faren som virkeleg truer norsk språk i dag, nemleg den aukande flommen av engelske faguttrykk som særleg trenger inn i merkantil og teknisk litteratur og reklamespråket. Ja, somme tider er det så mye engelske ord, at ein kan ikkje kalle teksten norsk lenger, men dårleg engelsk. Paradoksalt nok er det oftast i tekster med eldre bokmålsformer vi finn mest engelske uttrykk, og gjerne i teknikk og handel, og det tyder ikkje akkurat på at riksmålet er suverent som teknisk og merkantilt språk. For språkorganisasjonane våre må det derfor i dag vera ei stor oppgåve å freiste å snu denne uheldige utviklinga. Tida krev stadig nye uttrykk, men det må bli slutt på den uvanen å gripe til engelske ord. Lys ut til namnekonkurranse i staden, og få fram råkande norske uttrykk. Det vil skjerpe språksansen og auke interessa for språket, og frå desse vil det naturleg gro fram trong til å verne det og halde det oppe. Dette er å dyrke språket, og ei utvikling med heilt andre perspektiv enn den sterile og utarmande striden sne—snø.

Ellef Vold.

Dr. Stian W. Erichsen

Spesialitet

HUDSYKDOMMER

Arendal Tlf. 21297

ER DET UHELDIG AT SPRÅKET INNEHELD HOMOFONE OG HOMOGRAFISKE ORD?

av Jakob Skauge

Homofone ord er ord som er lydlig like. Homografiske ord skrives likt. Nynorsk *låg* (imp. av *ligge)* og *låg* (adj., motsett *høg)* er både homofone og homografiske. Likeins *lam* (subst.) og *lam* (adj.), *verken* (konj. *verken eller)* og *verken* (subst., tøy) *gjorde/jorde* er homofone, men ikkje homografiske.

Somme hevdar at homofoni og homografi er uheldige fenomen i språket, særlig da homografi, som kan føre til samanblanding av ord og dermed meiningsforvirring, meiner dei. Dette er ein hovedgrunn til at riksmålsfolk ikkje vil godta skrivemåten *viss,* men held fast på *hvis.* Likeins *verken/hverken.* Redsle for slik samanblanding ligg også til grunn for noen unntak i rettskrivningsreglane våre, t. d. *fullt* med dobbel *l.*

Når læreboknormalen av 1959 har skapt noen homografiske ordpar ved å sløyfe den stumme *h*-en, korleis skal ein så tolka dette? Har ekspertane gjort det av vanvare, eller er dei ikkje så redde for homografi som ekspertane før i tida? — Vi kan trygt gå ut frå at det er det siste som er tilfellet. Vi ser det nå slik at homografi bør ikkje unngås av prinsipp, men bare når det er nødvendig av praktiske grunnar, og det er svært sjeldan tilfellet. Saka er at eit ord i levande bruk aldri førekjem i eit tomrom. Det førekjem alltid i ein samanheng, enten ein samanheng som er uttrykt med klare ord (eksplisitt) eller er underforstått (implisitt).

Dette fører med seg at homografiske ordpar som aller oftast er fullstendig garanterte mot ufrivillig feilbruk. Ja, faktum er at skal ein skape meiningsforvirring med slike middel, må ein anstrenge seg hardt, og det meste ein da får ut av det, er ein vits, eit ordspel. (Han er bisp ute og ho er bisp inne). Vi er i den sjeldne situasjonen at det er langt lettare å unngå språkfeil enn å gjøre språkfeil, og da er det ingen fare. Det vart ein gong påtalt at ein skribent hadde stava *altfor* (stor) i to ord: *alt for* (fedrelandet). Det er formelt feil i følgje ordlistene, det er så. Men da kritikaren også påstod at feilen var av reell art, dvs. at den kunne gi feil meining, vart han oppfordra til å lage ein setning der det var tilfellet. Han greidde det ikkje.

Nå skal ein likevel aldri seie «aldri» når det er tale om språk. Det kan førekomme ord som har ein slik situasjonsmessig plass i vanlig språkbruk at samanblanding førekjem. Slike ord blir da ubrukelige, og bør forsvinne. Dersom språkutviklinga går for seg utan bevisst innblanding, vil dei forsvinne av seg sjøl. Eit slikt ord var det gammalnorske nektingsadverbet *eigi (ikkje, ikke).* Det vart med tida slipt ned til *ei,* og fall da saman med hokjønnsartik-

Nye signaler .....

Over fra side ❷

bækker maa komme til at samles i en fælles aa.

Selv om vi skulde komme dithen, at vi «dreiv kua» istedenfor «drev koen», saa vilde det for mig ikke være avskrækkende, naar vi kunde komme til et fælles maalføre her i landet.»

I det store rettskrivingsslaget i Stortinget i 1919 var det elles Johan Gjøstein som gjekk sterkast inn for tilnærmingslina saman med kyrkjeministeren, statsråd Løvland, og statsminister Gunnar Knudsen. Statsministeren gjorde som nemnt kabinettsspørsmål på spørsmålet og understreka at Venstre hadde på sitt program å «a r b e i d e f o r a a f a a e t s a m n o r s k m a a l».

Det standpunkt Buen tok i 1911 og Gjøstein-gruppa i 1919 viser at den samnorske tilnærmingslina har lange røter i arbeiderpartiet. Etter kvart som språkstriden vart politisk, måtte partiet ta standpunkt til spørsmålet også i programmet. Høgre hadde akseptert Riksmålsforbundet sine krav om sløyfing av sidemålsstilen i gymnaset og borttaking av dei valfrie formene — tilnærmingsformene — i skolebøkene. Bondepartiet hadde frå starten programposten «målbevisst arbeid for å nå fram til ett skriftspråk bygd på de norske målfører», og Venstre ville halde fram med arbeidet for atterreising av det norske folkemål. Alt i 1921 hadde professor Halvdan Koht peika

på samanhengen mellom arbeidarreisinga og målspørsmålet, i 1923 gjekk målstudentane og sosialistiske studentar saman i Det Norske Studentersamfund og vann siger for nynorsken der.

Etter partisamlinga i 1927 og den store framgangen i vestlands- og austlandsbygdene, måtte partiet sjå språkstriden som programsak. I 1929 nedsette Centralstyret ein «Kulturkomite» til å utarbeide grunnliner til eit kultur- og målprogram. Koht var formann, og elles var Edv. Bull, Magnus Nilssen, Nygaardsvold og Olav Steinnes med.

I ei tilråding frå denne komiteen (1933) heiter det m. a. at partiet vil alltid stri for «ekte folkemål»: «I presse og skole vil det hjelpe fram alt levande folkemål, så det får større og større rom innafor båe dei to offisielle skriftmåla i landet og til slutt kan føre dei i hop i einskap.» I same retning gjekk mandatet for den departementale Rettskrivingsnemnda av 1934, der professor Ragnvald Iversen var formann: Ei tilnærming på norsk folkemåls grunn mellom dei to måla i rettskriving, ordformer og bøyningsformer, og avgrensing av dobbeltformene.

Som alt nemnt, vart tilrådinga frå Rettskrivingsnemnda godkjent med eit massivt fleirtal — 112 mot 37 røyster — i Stortinget. I 1939 drog Oslo skolestyre den naturlege slutning av dette vedtaket, at vegen låg åpen for eit aktivt steg i retning av tilnærming, og gjorde vedtak om å bruke samformer i skolebøkene der det høvde. Andre kommuner følgde eksemplet. Arbeidet med ordlister og lærebøker vart sett i gang, og alt gjekk normalt, trass i den latente motstanden.

Men krigen sette stengsle for vidare framgang, og etter krigen gjekk reaksjonen mot den offisielle språkpolitikken til storm mot Oslo-vedtaket. «Foreldreaksjonen mot Samnorsk» kravde retting og revisjon av skolebøkene, Oslo-vedtaket vart omgjort, «moderate former» vart parolen, og det uklåre kravet om at språkstriden «skulle ut av politikken» og løyse seg sjølv kom i framgrunnen. I 1952 godkjente departementet abc- og lesebøker med «moderate» former med det atterhaldet at visse folkemålsformer skulle nyttast i eventyr og folkeleg forteljing. Det var signal-endring over heile lina.

Men Foreldreaksjonen var ikkje tilfreds med dette. Aksjonane heldt fram, ikkje berre mot skolebøkene, men mot oppnorskinga i det heile, mot målbruken i kringkastinga — stutt sagt mot det dei kalla «samnorsk», men som i røynda var ein kamp mot det grunnlaget nynorsken og samnorsken bygger på, norsk folkemål. Kampen vende seg i sin tur mot det statlege organet som vi fekk i 1951 til å ta seg av språkspørsmål, Norsk Språknemnd, just fordi nemnda skulle «arbeide for tilnærming på norsk folkemåls grunn», som det heiter i formålsparagrafen. Parallelt med desse aksjonane gjekk stormlaupet mot målbruken i Norsk Rikskringkasting, som fekk sin eigen organisasjon i Lytterforeningen mot samnorsk i 1957, og oppnorsking av stadnamn, basert på vitskaplege granskingar.

Når ein minnest desse aksjonane mot norske språk-element, er det freistande å sitere Hatfjelldal-presten Ole Tobias Olsen da han vart vraka som søkjar til Loppen soknekall: «Man skulde ikke have troet det, hvis man ikke selv havde erfaret det . . .»

(Meir i neste nummer).

Er det uheldig?

Over fra side 10

kelen *ein*, som også utvikla seg til *ei*. Det første *ei* vart da kasta ut og blei erstatta med pronomenet *ekki (ikkje, ikke)*, som fekk funksjon av nektingsadverb og er det enda. Her er det rimelig å tru at homofonien har vori ei ulempe, for begge desse orda kan førekomme i vanlig tale utan at samanhengen alltid rettleier om tydinga. Setningen «Har du ei?» ville vel ofte vere tvitydig. Nå førekjem *ei* som nektingsadv. i norsk prosa bare saman med eit anna nektingsadverb, som garanterer for tydinga: «Neimen har eg ei». Nå er nok ikkje homofonien einaste grunnen til denne utviklinga, kanskje ikkje den viktigaste grunnen ein gong, for same utviklinga gjekk også for seg på dansk, enda hokjønnsartikkelen der heiter *en*. Men det er verdt å merkje seg at det danske nektingsadverbet *ei* kan brukas mye friare enn det norske.

På bokmål/riksmål har vi eit tilfelle av homofoni som må seias å representere ei ulempe. Det er eigedomspronomet *deres*, som både gjeld for andre og tredje person fleirtal. Særlig for lærarar, offiserar og andre som ofte må gi beskjedar til grupper av menneske, er dette forholdet direkte plagsamt. «Dere må passe på veskene deres», er ein tvitydig setning straks to grupper av menneske kjem inn i bildet. Likeins er det uhyre plagsamt i fremmedspråksundervisninga. Læraren må da i regelen gi avkall på å bruke det normerte språket og gripe til dialekten, det forakta folkemålet, som på dette området viser si overlegenheit ved å vere eintydig. Dersom Riksmålsforbundet kunne gjøre noe for å rydde opp i dette kaoset, ville alle vere takksame. Men da måtte dei gå til folkemålet for å lære, og det har vi ingen illusjonar om at dei vil.

Når vi skriv om dette, er det av to grunnar: For det første fordi fenomenet ser ut til å interessere folk flest, og særlig såleis at dei er tilbøyelige til å peike ut tilfelle av homografi som feil. Det er det altså etter vår meining ikkje, utan i einstaka tilfelle. For det andre fordi Riksmålsforbundet gjør eit stort nummer av å kritisere dei tilfelle av homografi som vi finn i læreboknormalen.

Nå, dette argumentet med å sette praktisk prøve på tingen, kunne vi trulig ha spart oss, for det har ingen verdi for tilhengarane av Frisprog. Her kjem vi inn på noe vi tidligare har peika på, skilnaden i grunnsyn mellom dei og oss. Dei ser på språket som ein sjølstendig organisme som lever sitt eige, frie liv, ubundi av menneskeverda. For dei skal språket vere «logisk» jamvel om denne «logikken» ikkje fyller noe menneskelig behov. Vi meiner, i likskap med moderne språkforskarar, at språket er ein menneskelig funksjon. Det har ikkje noe liv i og for seg sjøl, men bare innafor ramma av menneskelig aktivitet, bare når det fyller våre behov. Forholdet mellom språkbilde og behov er i regelen ubevisst. Dei fleste forandringar i språket føregår på det ubevisste planet. Men dersom vi har eit bevisst behov, dersom vi t. d. ønsker å nå fram til ein norsk skriftnormal, er det ingen ting i vegen for at vi kan gjennomføre det og. For språket er ein reiskap, og reiskapen steller vi slik at vi er best tent med han.

Til slutt: Fins det homofoni og homografi i andre språk og? — Frisprog geberdar seg nemlig som om dette skulle vere eit særnorsk fenomen, oppfunni av Språknemnda for å forderve sproget. Alle som har det minste kjennskap til engelsk, vil vite at i dette språket fins desse fenomena i mengdevis. Engelskmennene er svært glad i slike ord, og bruker dei til å lage ordspel, puns. Somme aviser har faste spalter med puns, og det er ein ikkje uvanlig selskapsleik. Diktarane driv også med det. Shakespeare var ein stor elskar av puns. Dei verkar aldri meiningsforvirrande utan folk gjør seg umak med det, og det er ingen engelskmann som vil påstå at engelsk er eit dårlig språk eller Shakespeare ein dårlig diktar av den grunn. Slike påstandar må ein til Norge for å høre.

!

«Vi burde ha råd til å ha to skriftbilleder for stoffet *verken* og konjunksjonen *hverken eller*», heiter det i Frisprog. Vi utfordrar da Frisprog til å lage ein setning der dette skriftbildet verkar meiningsforvirrande. Greier dei det, så er det i alle fall ikkje resultatet av spontan språkbruk.

Overstående

..Av plassomsyn må en del av stoffet vi har fått sendt ,stå over til neste nummer.

Frammedord

av

Rolf E. Stenersen

Jeg er enig i det meste Språklig Samling hevder, men det ærgrer meg å se så mange stygge og lange frammedord bli brukt av samnorsk folk. Med stygge frammedord meiner jeg frammedord som bryter med den tunglette norske (og nordiske) rytmen.

I siste nummer av bladet leser jeg på siste side: «Vi er inne i ein periode med rask språklig utvikling.»

Jeg synes det burde stått:

«Vi er inne i ei tid med rask språklig utvikling.»

Videre: Konsolidering er knapt gjennomførlig verken i den eine eller den andre målforma.

I staden for: Einsretting er knapt gjennomførlig verken i den eine eller den andre målforma.

Bør vi ikke smelte ned frammedorda så de får nordisk tunglett rytme før vi tar de opp i vårt nye vakre og enkle samnorsk?

HUSFLID

Et parti ekte selskinnstøfler med sameband elastikk

kan leveres til sesongen i den utstrekning lageret rekker.

Pent emballert i svart/gull.
Standardleveranse 25 par i nummer-inndeling.

Vår spesialitet:

Småsuvenirer. Minitøfler av selskinn og elglegg.

S PRODUCTION LTD.

TELE: 15742 – BERGEN

HEGLANDS TRYKKERI FLEKKEFJORD